



DEI TOK MUSIKKEN MED SEG

Korleis har musikken til utvandrarane frå Noreg utvikla seg i Amerika?



Einar Eimhjellen

Register

	Side
Register	1
Dei tok musikken med seg	2
Musikkreiser til USA og Canada	3
Valton Torvik	5
Torfinn Steindal	7
Knut Sunde	8
Bill Boyd	9
Arvid Lundin	9
Selmer Pladsen og Elmer Opseth	10
Gig Harbor Spelemannslag	10
Nordahl Grieg Spelemannslag	11
AmeriKappleik i Northfield	12
Twin Cities Hardingfelelag	13
Mary Seim	13
Trollstilt	14
Hardanger String Quartet	14
Claire Vogsberg og David Elliker	14
Felemaker Lynn Berg	15
Nisswa Stämman i Minnesota	15
Skål Klubb Spelemannslag	16
Paul Wilson og Mary Abendroth	17
Robert (Bud) Larsen	17
Harold Herboldt	17
Loretta Kelley	18
World of Accordions Museum	18
Foot Notes	18
Gammal fele	19
Sør Dakotas Old Fiddlers – Kevin Blom	19
Dick Rees	20
LeRoy Blom	20
Norskedalen i Wisconsin	21
Andrea Een	23
Scandinavian Herritage Festival	24
Jeff Anderson	25
Harry Johnson	26
Beth Kollè	27
Paul Dahlin – Äkta Spelmenn - American	
Swedish Institute Spelemannslag	28
Leonard Finseth	28
Philip Nusbaum	29
Nordfjordvalsen	29
Dei ulike retningane	30
Speleliste for CD	32

Dei tok musikken med seg

Frå 1825 og fram til kring 1930 utvandra det kring 850 000 nordmenn til Nord-Amerika. Mellom dei som reiste var det også mange spelemenn, som held fram med å bruke musikken sin i det nye heimlandet.

I kjølvatnet av utvandrarane var det mange ”storspelemenn” frå Noreg som reiste over og hadde konsertturnear i dei ”skandinaviske områda” i Nord Amerika.

Den første kappleiken i Amerika vart skipa til i 1912 i byen Stoughton i Wisconsin. Det synt seg då at det var så stor interesse den norske folkemusikken at organisasjonen *Hardanger Violinist Forbundet av Amerika* (The Hardanger Violinist Association of America) vart skipa i 1914 med nær 100 medlemer. Organisasjonen stod bak tilskiping av kappleikar som kunne trekke til seg opp til 8000 tilreisande. Då den andre verdskrigen starta minka det på kappleikaktiviteten og organisasjonen vart lagt ned. Den siste kappleiken vart halde i Benson i Minnesota i 1952. Det minka også på hardingfelespelarar og det er sagt at kring 1970 var det knapt nok 20 att i USA, og at 2/3 av desse var over 70 år.

Sjølv om det var færre som spelte hardingfele, levde det musikk med norsk opphav som vart spelt på andre instrument. Ofte var dette vanleg fele med gitarakkompagnement eller grupper med fele, trekkspele, banjo, piano, kontrabass o.l. Det kunne også vere ulike blåseinstrument. Med andre ord at dei brukte instrumenta dei hadde tilgang til. I desse samanhengane var det mest vals, polka og reinlendar som vart spelt. Musikken gjekk gjerne under namnet Old-time music.

I 1983 vart hardangerfeleorganisasjonen i Amerika reorganisert og fekk namnet **Hardanger Fiddle Association of America**, forkorta til HFAA. Organisasjonen har hatt sterk oppsving og har no fleire hundre medlemer.

Første gong eg kom i kontakt med norsk gammaldansmusikk med tilknytning til Amerika var då eg hørte opptak som folkemusikksamleren Arne Bjørndal hadde gjort med **Arne Rivedal** frå Holmedal i Sunnfjord. Dette var kring 1970. Arne Rivedal som var



Roy Torvik i Vancouver i Canada t.v. vart ein viktig hjelpesmann for å finne opplysning om ein ”bortkomen spelemann” frå Naustdal.

A-klassing i hardingfelespel hadde sjølv vore i Amerika, men vende heim og vart gardbrukar. Blant musikken han spelte inn til Arne Bjørndal var det 2 valsar som han berre kalla ”Amerikansk vals”. Seinare fekk eg sjølv høve til å reise over til USA og Canada. Under desse turane møtte eg spelemenn av norsk opphav og opplevd musikken deira. Eg merka meg at mange av spelemennene der borte hadde ein annan spelestil enn vi her heime. Dette tykte eg var interessant, og sette meg føre å prøve å finne ut meir om korleis den norske slåttemusikken har utvikla seg i Amerika. Då eg fekk positive signal både frå Rådet for Folkemusikk og Dans og frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, - som det følgde litt pengar med, tok eg turar over til Nord-Amerika for å undersøke dette nærare. Prosjektet er utført ved at ein har besøkt spelemenn og festivalar i USA og Canada, snakka med spelemennene og gjort opptak. I tillegg har eg funne eldre musikkopptak med norske innflyttarar og etterkomarar etter desse. Denne rapporten består av ein tekstdel, og ein lyddel der noko av den musikken eg har plukka opp er lagt inn på CD.

Musikkreiser til USA og Canada

1985. USA-tur med Naustedalen Spelemannslag

Den første turen til USA var i 1985 då eg reiste med Naustedalen Spelemannslag til nordvestkysten av USA (staten Washington) og m.a. møtte spelemenn med norsk opphav.

1991. Ny tur med Naustedalen Spelemannslag:

I 1991 reiste spelemannslaget på ny til USA. Denne gongen med oppstart i Los Angeles og turne langs Stillehavskysten til Seattle. Då møtte eg spelemenn i San Jose og Seattleområdet.

1992. På leit etter spelemenn frå Sunnfjord, i USA og Canada.

På slutten av 80-talet starta eg eit arbeid med historia om spelemenn og slåttar frå Naustdal og Flora kommunar. I samband med dette møtte eg Torfinn Steindal og onkelen hans, Johan Steindal, i USA. Desse kom frå Steindalen i Flora kommune og hadde busett seg i Kent i staten Washington. Eg reiste difor over i

1992 for å møte Torfinn, og for å gjere opptak. Johan Steindal var død no. Eg var også på leiting etter spelemannen Valton Torvik frå Ervik ved Førdefjorden, og fann slektningar av han i Vancouver i Canada, som kunne fortelje livshistoria hans.

Denne leitinga førte meg også til Spokane aust i staten Washington der eg møtte spelemannen Arvid Lundin og familien hans.



Johan (John) Steindal t.v. møtte undertekna på heimgarden hans i Kent, Washington.

1993. Tur til Kent, USA og Canada.

I 1993 reiste eg på ny over til USA og Canada. I USA var det for å gjere fleire opptak med Torfinn Steindal. Men, hovudårsaka til turen var å besøke Hagen i provinsen Saskatchewan i Canada for å finne opplysningar om Valton Torvik som budde der mellom 1930 og 1940. Her møtte eg spelemennene Elmer Opseth, Selmer Pladsen og Bill Chow som var av norsk opphav.

1995. Reise til Midtvesten, Seattleområdet og Canada.

No besøkte eg immigrantmuseet Vestrheim i Decorah i Iowa. Vidare gjekk turen til Saskatchewan for å finne fleire opplysningar om Valton Torvik og til Vancouver for å møte Roy Torvik som er nevøen til Valton. Turen vart avslutta i Kent med besøk hos Torfinn Steindal.

1997. Besøk i Gig Harbor og hos Spelemenn i Nord-California.

Saman med Magnus Hope var undertekna tinga til å undervise i samband med Camp Norge Folk Dance Stemne i fjellområda aust for Sacramento i California. - Magnus i dans og undertekna i samspel. Dei fleste av deltakarane var knytt til Nordahl Grieg Leikarring og Spelemannslag. I samband med denne turen besøkte vi også Gig Harbor Spelemannslag ved Tacoma i staten Washington.

2000. Med Naustedalen Spelemannslag til staten Washington.

Turen var opplagt som konsertturne med reise rundt i staten og til Vancouver i Canada. På turen fekk eg det første møte med Jeff Anderson, Jane Johnson og Harry Johnson. Vi var også gjestar hos Gig Harbor Spelemannslag og hadde konsert saman med dei under Scandinavian Heritage Festival i Puyallup ved Tacoma.

2003. Reise til Amerikappleiken i Northfield i Minnesota.

Etter at eg fekk løyving frå Rådet for folkemusikk og dans, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Folkemusikksamlinga ved Universitetet i Oslo, fann eg det naturleg å reise til USA samstundes med stemnet AmeriKappleiken 2003 i Northfield i Minnesota.

Dette var eit jubileumsstemne til minne om den første kappleiken i USA med norsk folkemusikk. Her fekk eg m.a. høyre gruppa Trollstilt, The Hardanger String Quartet og Twin Cities Spelemannslag. Eg fekk også kontakt med ei rekke toraderspelemenn. Etter AmeriKappleiken besøkte eg medlemene i Skål Klubb Spelemannslag i Brainerd i Minnesota.

2005. Reise til vestkysten av USA.

No besøkte eg musikkekteparet Claire Wogsberg og David Elliker i Eugene i Staten Oregon. Der fekk eg også møte felebyggjaren Lynn Berg. Deretter gjekk reisa vidare til hauststemnet i Camp Norge i California, som Nordahl Grieg Leikarring og Spelemannslag skipar til.

2006. Tur til Midtvesten..

I juni møtte eg spelemenn under Nisswastämman i Minnesota, besøkte verdens største trekkspelmuseum i Superior i Wisconsin, trefte gruppa Foot Notes i Decorah i Iowa, hørde Sør-Dakota Old Fiddlers i Sioux Falls og møtte spelemenn i Norskedalen i Wisconsin. Vidare møtte eg spelemennene Dick Rees i St. Paul og LeRoy Blom i Blair i Wisconsin.

2006. Tur til Vestkysten.

Den andre turen i 2006 var i oktober til staten Washington på nord-vestkysten. Der møtte eg musikkekteparet Jeff Anderson og Jane Johnson i Olympia og den 85 år gamle spelemannen Harry Johnson i Bothell ved Seattle.

På leit etter spelemenn

Valton Torvik

Då eg som 15-åring tok til i Instedalen Spelemannslag i 1953 var reinlendaren Toreviken ein av dei første slåttane eg fekk vere med på. Den hadde spelemannen Asbjørn Sunde lært av Einar Bakkane, som det var sagt hadde lært slåttan av ein som stort sett berre gjekk under namnet Toreviken. Seinare fekk eg vite at namnet var Valton Torvik og at han hadde vore den viktigaste læremeisteren til Einar Bakkane.

Det gjekk gjetord om Valton Torvik som spelemann Ein som hadde lært slåttar av Torviken var den kjende spelemannen Nils Furnes frå Gaular som budde i Bergen. Om Valton Torvik sa Furnes at han var ein av dei beste spelemenn han hadde høyrte, og meinte at han kunne sidestillast med dei aller beste spelemenn i dag.

Det vart fortalt at Valton Torvik reiste til Amerika nokre år før siste verdskrigen starta, men kvar han vart av der borte var det ingen som viste. Då eg starta arbeidet med saga om spelemennene og slåttemusikken i Naustdal, sette eg meg føre å finne ut meir om denne spelemannen.



Valton Torvik som ung spelemann heime i Ervik, som før høyrde til Naustdal kommune

I mange år prøvde eg å få tak i opplysningar om Valton Torvik. Kring 1985 fortalde ein norskamerikanar at då han reiste heim til Noreg med amerikabåten i 1962 var det ein spelemann mellom passasjerane som sa han hadde spelt saman med Valton Torvik i Canada. I 1992 reiste eg over til Vancouver i Canada der eg fann brorson til Valton, Roy Torvik, som vart den viktigaste kjelde for opplysningar om Valton Torvik i Amerika. Dette utløyste fleire amerikaturar og besøk på mange av dei stadane der Valton hadde halde til.

Valton Torvik var fødd i 1893 i Romsdal av foreldre som opphavleg kom frå Nordfjord. Året etter etter at Valton vart fødd selde dei garden i Torvik i Romsdal og kjøpte Ervikbruket ved Førdefjorden i dåverande Naustdal kommune.

Valton hadde 9 brør som alle reiste til Amerika. I 1925 reiste også Valton, og vitja aldri heimlandet igjen. Etter at han reiste var det lite kontakt mellom han og folket heime. Det var lite Valton let høyre frå seg etter at han reiste og sjølv den næraste familien heime i Ervika viste lite om kvar det vart av han i Amerika.

Det var Canada som vart det nye heimlandet til Valton. Rett nok kom han først til Sør-Dakota i USA, men flytte seinare til provinsen Saskatchewan i Canada der fleire av brødrene hans heldt til. Ein lang periode budde han saman med broren Erling Torvik og familien hans som var farmarar i bygda Hagen i nærleiken av byen Prince Albert. Geografisk er dette omlag midt i Canada.

I perioden frå 1930 til 1940 var Valton aktiv i musikklivet i Hagen. Bygdeboka for Hagen fortel om "a local musical group" som var samansett av musikarar og songarar som brukte å spele på radiostasjonen C.K.B.I. i Prince Albert i åra kring 1936. Av spelemennene var det tre som spelte på fele og ein på trekkspel. Alle var norske og Valton var ein av dei. Eldre folk i Hagen hugsa enno desse musikkstundene på radioen, då eg vitja Hagen i 1993, "vi sat som klistra til radioen då programma vart sende" fortalde Ivar Graupe i småbyen Birch Hills. På denne turen vitja eg radiostasjonen C.K.B.I. (som no er ein stor radio- og TV-stasjon), og vona å få kopi av opptak frå desse sendingane, men diverre gjekk alle program direkte på lufta på den tid, sidan dei ikkje hadde utstyr til å gjere opptak med.

Roy Torvik fortalde at Valton stilte villig opp med fela på julekonserten for borna i Hagen. Dei spelemennene Valton heldt mest saman med var Paul Brenden og Einar Høydal. Paul Brenden kom frå Skåbu i Gudbrandsdalen, og Einar Høydal frå Høydalsmo i Telemark. Einar Høydal var den før nemnde spelemannen som reiste med amerikabåten i 1962.



Valton Torvik i Canada

Mange pensjonerte farmarane i Hagen har busett seg i tettstaden Birch Hills som ligg mellom Hagen og Prince Albert. Ein av dei, som også er trekkspelar, Elmer Opseth, fortalde at medan han var gutunge banka det på døra til farmen deira ein tidleg søndagsmorgon. Utanfor stod Valton Torvik som hadde vore på speling om natta. Han bad om traktorhjelp for å få på vegen bilen sin som han hadde vore uheldig å køyre i grøfta i seine nattetimar. Bilen som var ein ny Ford lastebil stod slik til at det var fare for at den kunne tippe ut i ein kanal langs vegen under bergingsforsøket. Då dei hadde hekta i slepekjettingen bad Valton om at dei måtte vente litt: "fela er meir verdt enn lastebilen for meg, så vi må ta fela ut or bilen før vi startar forsøket", sa han.

Kring 1940 flytte Valton til vestkysten av Canada. Fram til omlag 1945 heldt han til i byen Prince Rupert nord på kysten der han den første tida dreiv med bygningsarbeid og

seinare skipsbygging. Etter 1945 hadde han Vancouver som sin faste tilhaldsstad. Han arbeidde på damanlegg i samband med kraftutbygging og andre større anleggsprosjekt ymse stader på vestkysten, men i helgar og andre fridagar budde han på Balmoral Hotel i Vancouver der han hadde eit fast rom.

Valton var godt likt av personalet på hotellet og hadde mange kameratar. Nyårsaftan brukte han å ta fela med seg ut på gata og spele for folk. Han hadde ei hardingfele og to vanlege feler. Ein gong medan han budde i Saskatchewan miste han hardingfela ut or lastebilen, slik at den vart stygt maltraktert. Men, han fekk ein profesjonell felemaker til å sette fela i stand slik at skaden knapt syntest. Han spelte all slags musikk, både heime og etter at han flytte til Canada. Alvin Andøl som bur i Saskatchewan var i militærteneste i Prince Rupert i 1942 og høyrde Valton spele både kunstmusikk og old-timers (slåttar og gammaldans).

Valton Torvik var ungkar all sin dag. Han var ein stram og flott kar, og Roy Torvik fortel at når Valton kom inn til byen i helgar og ferie og dressa seg opp "så ein kunne tru han var sjølvaste presidenten".

Då han vart pensjonist fekk han seg ei lita leilegheit i Vancouver der han stelte seg sjølv. Dei siste åra han levde vart han dårleg i fingrane og kunne ikkje spele.

Valton Torvik døydd 29. oktober 1974, og levde såleis eit år lenger enn eleven sin Einar Bakkane heime i Naustdal. Kvar det vart av felene til Valton er det ingen som veit. Truleg vart dei to vanleg-felene selde på auksjon. Hardingfela vart borte før han døydd, men familien kjenner ikkje til kvar den vart av. Det einaste som var igjen var ein feleboge, som Roy sa at Valton sjølv hadde laga. Felebogen har inskripsjonen "Walton Torvik". Bogen fekk undertekna av Roy Torvik, og den vil bli tatt godt vare på.

Torfinn Steindal.

I Steindalen i Flora kommune heldt det til ei kjend spelemannsslekt. Den første spelemannen i slekta var Karnils Steindal som var fødd den 18. juni i 1857. Av sønene hans spelte Andreas, Albert og Johan på fele. Då Johan vart vaksen flytte han til USA og busette seg i byen Kent nær Seattle.



Torfinn Steindal på heimstaden sin i Kent, Washington

Andreas Steindal var den av sønene til Karnils som dreiv det lengst som spelemann. Han var den eldste av brørne og overtok garden i Steindalen. Av dei 12 borna til Andreas var det fire som spelte fele. Av desse reiste Karl og Torfinn til USA i ung alder, Andreas busette seg på Straumsnes i Fjaler medan Harald budde i Steindalen heile si tid.

Torfinn Steindal vart fødd i 1910. Berre 16 år gamal reiste han til USA der onkelen Johan tok hand om han. For å få arbeid i skogen måtte ein vere 18 år, men Torfinn bløffa litt på alderen og fekk arbeid saman med Johan i dei store skogane i nærleiken av Tacoma og Seattle. Etter nokre år i USA reiste han ein tur heim og kjøpte ei hardingfele som han tok med til Amerika. Fela var laga av Alfred Madsen frå Bjørnset i Flora, i 1934, som var rekna for å vere ein dyktig felemakar,

Torfinn var svært musikalsk, men var ein betre songar enn spelemann. Dei fleste slåttane som eg har fått har han tralla, men nokre har han også spelt. I alt har eg fått kring 25 slåttar av Torfinn Steindal. Torfinn har hatt lite kontakt med spelemenn i USA og slåttane er difor slik han hugsar dei etter far sin og bestefaren.

Eg spelte desse slåttane for bror til Torfinn, Harald, etter at eg kom heim frå USA-turane. Dei fleste slåttane vart ”godkjende”, medan Harald hadde andre variantar på nokre av slåttane. Mange av slåttane eg fekk hos Torfinn har kome med i note- og historieheftet om folkemusikken i Steindalen og Flora. ”Steindalslåttar og andre slåttar frå Flora kommune”.

Torfinn døydde den 29. oktober 1999.

Knut Sunde

På leit etter opplysningar om spelemannen Valton Torvik hadde eg fått informasjon om at det budde ein spelemann frå Nordfjord i provinsen Alberta i Canada. Namnet var Knut Sunde, og det høvde slik at eg kunne besøke han då eg var på reise frå Seattle til Hagen i Saskatchewan i august 1993.

Knut Sunde var busett i Alhambra som ligg omlag 2 timars køyretur nord for Calgary. Då eg besøkte han var han 83 år gammal og i fullt arbeid i verkstaden sin der han laga suvenirar i tre til turistnæringa i området. Alhambra ligg ved fjellkjeda Rocky Mountain der det kjem mykje turistar.

Knut kom til Canada frå Olden i Nordfjord i 1929. Si første fele hadde han laga heime i Noreg då han var 12 år gammal. Sidan skaffa han seg fleire feler, både hardingfele og vanleg fele. For nokre år sidan hadde han vore heime i Noreg og kjøpt seg ei fele som var laga av Lars Hjellbakk frå Hornindal.

Diverre kunne han ikkje spele fele lenger, så det vart ikkje gjort opptak av musikken hans. Som snikkar er fingrane eit utsett del av kroppen og han hadde kappa av halvparten av 4 fingrar på venstre handa, og då er ein hjelpelaus som felespelar.



Knut Sunde frå Olden var busett i Alhambra i Canada

Bill Boyd



Bill Boyd held til Seattle, Washington, USA. Eg møtte han første gang i 1985 då Naustedalen Spelemannslag var saman med dansarar og spelemenn i Seattle. Bill Boyd spelar mykje til dans i Seattle. Han brukar både hardingfele og vanleg fele.

Den første kontakten med spelemenn som eg tykte hadde endra på dei gamle ”norske” slåttane var i 1985 då eg hadde ein kurskveld med spelemenn i Seattle. Spelemannen Bill Boyd spelte ein melodi til meg som var ein variant av ein parisarpolka som var brukt av Andreas Steindal (1885 – 1968). Bill Boyd kalla melodien Buffalo Gals. Seinare har eg møtt han fleire gongar – sist under kappleikstemnet i Northfield i 2003.


Bill Boyd t.v. er ein viktig spelemann i folkedansmiljøet i Seattle

Arvid Lundin

Då eg i oktober 1992 reiste over til nord-vestkysten av USA for å prøve å spore opp spelemannen Valton Torvik, kom eg til Spokane som ligg heilt aust i staten Washington. På førehand hadde eg vorte kjend med familien Lundin gjennom medlemsbladet til den amerikanske hardingfeleorganisasjonen. Eg tenkte det kunne vere mogleg at dei kjende til Valton, noko som det synt seg at dei ikkje gjorde. Familien Lundin driv verksemda Lundin's Violins i Spokane. Her har dei butikk for strengeinstrument og instrumentverkstad. Arvid Lundin og far hans Clair driv verksemda saman og har i tillegg 4 tilsette. Dei byggjer også instrument og Arvid har m.a. laga hardingfeler.

Arvid er ein dyktig felespelar og spelar skandinavisk musikk, irsk folkemusikk og countrymusikk saman med to ulike musikkgrupper. Dei tek oppdrag over heile staten. Familien har også sitt eige

familieorkester der Arvid og faren, Clair, spelar fele og mora, Bernice, spelar trekkspel og piano. Familien har sitt opphav i Sverige, men Arvid har vore turar i Noreg for å lære norsk folkemusikk og om hardingfelebygging.



Arvid Lundin er spelemann og felemaker busett i Spokane i staten Washington

Selmer Pladsen og Elmer Opseth.

I 1993 hadde eg fått kjennskap til at Valton Torvik hadde budt i bygda Hagen i provinsen. Saskatchewan i Canada mellom 1930 og 1940. Eg reiste dit i august 1993. Då opplevde eg ein kveld (natt) med tre musikarar, Elmer Opseth, Selmer Pladsen og Bill Chow. Dei møttest sporadisk for å spele og ha ein hyggeleg kveld saman, i den vesle byen Birch

Hills, nær Hagen. Elmer Opseth spelte trekkspel, Selmer Pladsen, gitar og fele og Bill Chow spelte gitar og munnspel. Elmer Opseth si slekt kjem frå Trysil. Musikken dei spelar kallar dei old timers musikk og er ei blanding av melodiar frå Scandinavia, Irsk (Celtisk) musikk og amerikanske slagerar. Saman med desse spelemennene gjorde eg halvanna time opptak med musikk og prat. Elmer Opseth var vert og stod for det meste av praten.



*Selmer Pladsen t.v. og
Elmer Opseth t.h.*

Ein av melodiane dei spelte kalla dei Peek a boo waltz. Dette er den same valsen som vi kallar Nordfjordvalsen eller Fjordavalsen. I Sverige blir den kalla Svensk-Annas vals. Kvar slåttan først oppstod er usikkert, men mykje tyder på at den har svensk opphav (nordfjordingane vil truleg protestere på dette).

Den same valsen spelte medlemmer av Skål Klubb Spelemannslag frå Brainerd i Minnesota, då eg treffe dei sommaren 2003. Dei hadde også tekst som syner at melodien har vore brukt til ein barnesong: " Peek a boo I see you, hiding over there".

Gig Harbor Spelemannslag



Gig Harbor Spelemannslag

I den seinare tid (etter 1995) har det blitt starta spelemannslag i Gig Harbor som ligg like ved Tacoma i staten Washington. Her er det tvillingsøstrene Linda Caspersen-Andresen og Laila Hansen som er drivkreftene. Laget satsar mykje på opplæring av born og ungdom. To av medlemene i laget utgjør halvparten av Hardanger String Quartet. Det er Linda Caspersen-Andresen som spelar "hardingcello" og ungjenta Tone Hansen på hardingfele.

Laget spelar hovudsakleg svensk og norsk folkemusikk som dei har tileigna seg frå plater og notar. Dei har lite musikk frå eldre norsk-amerikanske tradisjonsberarar. Underteikna har fått lov å vere med dette laget og lært dei nokre runddansslåttar frå Sunnfjord.



*Juniorpelemenn frå Gig Harbor
Spelemannslag på AmeriKapp-
leiken 2003*

Nordahl Grieg Spelemannslag

Då Naustedalen Spelemannslag var på reise i USA i 1991 var vi gjestar hos Nordahl Grieg



Spelemannslaget i Nordahl Grieg Leikarring under kurssamling i oktober 1997.

Leikarring i San Josè i California. Året etter kom Nordahl Grieg Leikarring på besøk til Naustdal. Då hadde dei også med seg spelemenn med trekkspelaren Bill Likens i spissen, som spelte til dansen.

Tilbake i San Josè hadde dei fått inspirasjon til å starte sitt eige spelemannslag med Bill som leiar.

Laget spelar mest norsk musikk slik dei oppfattar at vi spelar den i Noreg. Underteikna besøkte laget deira i 1997 og 2005, og treffe også fleire av medlemene på AmeriKappleiken 2003 i Northfield i Minnesota. Seinare besøkte dei Noreg i 2005.

AmeriKappleik i Northfield i 2003



Leiar for organisasjonen Hardanger Fiddle Association of America, Annemarie Pluhar, i midten flankert av spele-mannen Leif Rygg t.v. og spelemann og dansar Hallgrim Berg under AmeriKappleiken i 2003

Northfield i Minnesota og strekte seg over 5 dagar.

Det var over 300 deltakarar på stemnet og i tillegg publikum utanfrå på konsertane. Til stemnet vart det henta gode spelemenn og dansarar frå Noreg for å opptre og som kursinstruktørar.

Hardanger Fiddle Association of America er organisasjonen som samlar folk som er interessert i norsk folkemusikk og dans i Amerika.

I tida 23. til 27 juli 2003 skipa organisasjonen til eit stort folkemusikkstemne som vart kalla AmeriKappleiken. Stemnet opna med konsert i byen Stoughton i Wisconsin, til minne om den første kappleiken i den same byen i 1912. Resten av stemnet vart halde i St. Olavs College i



AmeriKappleiken hadde eit fullpakka program med konsertar, foredrag og kurs. som gjekk over 5 dagar,. M.a. vart det halde kurs i torader. Instruktør her var John Bergquist t.v.som er busett i Chicago.

Twin Cities Hardingfelelag

Spelemannslaget har medlemmer i tvillingbyane Minneapolis og St. Paul i Minnesota.



Laget vart skipa i 1996 og sentral person og leiar for laget har vore Olav Jørgen Hegge. Diverre døydde han i august 2005. Medlemene i laget har

Twin Cities Hardingfelelag

ymse musikalsk bakgrunn, frå nybyrjarar til klassisk fiolin. Dei spelar folkemusikk og gammaldansmusikk frå Noreg og deltek i stemner og tilskipingar over heile Minnesota. I 2006 var dei med på landskappleiken på Beitostølen.



Twin Cities Hardingfelelag på AmeriKappleiken i 2003. Olav Jørgen Hegge t.h.

Laget er mest inspirert av nolevande tradisjonar i Noreg og har få band bakover til "dei som kom først" til Amerika.

Mary Seim

Mary Seim er spesielt interessant for underteikna av di ho har sterk slektstilknytning til Naustdal. Bestemor hennar var Maren Jørgine Henriksdotter som kom frå bruket Kråen på Svorstøl i Naustdal. Dette er eit av nabobruka til der underteikna vaks opp og bur i dag. Mary er frå St. Paul. Hennar interesse for musikk kombinert med å finne ut meir om norske røter har gjort at ho har lært seg å spele hardingfele. Då Twin Cities Spelemannslag vart skipa var det naturleg for ho å bli med der. Underteikna møtte Mary på AmeriKappleiken i Northfield i Minnesota i 2003. Sidan har Mary vore fleire turar til Noreg og har funne seg ein kjærast her, som ho no er gift med.



Mary Seim under AmeriKappleiken

Nye vegar i bruk av hardingfela.

Under "AmeriKappleiken" vart det framført 2 konsertar der hardingfela vart brukt i uvanleg samanheng, høyrte med norske øyre.

Konsert med «Trollstilt». Duo med hardingfele/elektrisk fele og gitar.

Duoen hadde konsertar under AmeriKappleiken i Northfield. Med i duoen er Dan Trueman på hardingfele/elektrisk fele og Monica Mugan gitar. Den elektriske fela er spesiallaga med 6 overstrenger, og stilt i ein trollstilt klang.

Alle komposisjonane under konserten var av Dan Trueman.



Dan Trueman og Monica Mugan

Konsert med Hardanger String Quartet.



Kvartetten består av 2

hardingfeler, 1 bratsj og 1 cello. Alle instrumenta er bygde med hardingfeledekor og understrenger av felebyggjaren Lynn Berg, som bur i Eugene i staten Oregon.

Medlemer av kvartetten: Karin Loberg Code, David Loberg, Tove Hansen og Linda Caspersen-Andresen.

Musikken dei spelar er med få unntak norsk folkemusikk som er arrangert for kvartetten, av David Loberg.

Hardanger String Quartet.. Frå v. David Loberg, Tove Hansen, Linda Caspersen-Andresen og Karin Loberg Code.

Tur til vestkysten av USA i 2004

I tida 3. og 4. november 2004 besøkte eg folkemusikarane Claire Wogsberg og David Elliker, og felemakaren Lynn Berg, som bur i byen Eugene i staten Oregon

Claire Wogsberg og David Elliker
Claire og David er ektepar. Ho har sine røter frå Vågsberg i Nordfjord og Gudbrandsdalen. Begge spelar hardingfele



Claire Wogsberg og David Elliker

og David spelar spelar dessutan både nykkelharpe og vanleg fele. Når det gjeld hardingfele-musikken legg dei vekt på å spele slåttane slik dei blir brukt i Noreg i dag.

David som budde i Nord-Dakota før han trefte Claire, har lenge hatt interesse for den norske gammaldans- og folkemusikken. Han har samla mykje musikkopptak av eldre ”norske” spelemenn i Midtvesten, og han kopierte ein del av denne musikken til meg.



Felemakar Lynn Berg

I Eugene finn vi også felemakaren Lynn Berg. Han byggjer feler av alle slag, men har etterkvart fått interesse for hardingfela. Den første hardingfela han bygde var ferdig i 1993, og han er no komen opp i eit tal på 20 hardingfeler. M.a. har han utstyrt hardingfelegruppa i Gig Harbor Spelemannslag med instrument. Det spesielle er at han også har laga ”hardingcello” og ”hardingbratsj”. Han har vore fleire turar i Noreg for å studere hardingfelebygging, og har deltatt 4 gonger med feler på Landslaget for Spelemenn sine feleutstillingar under landskappleiken. Her har han oppnådd to bronsemedaljer.

Lynn Berg

Nisswa Stämman i Minnesota

Dette er eit stemne som vart arrangert for 6. gong i 2006. Føremålet med stemnet er å presentere musikk frå, eller som har sitt opphav i dei Skandinaviske landa. Underteikna



120 spelemenn i allspel på Nissvastemnet i 2006

deltok på dette stemnet i 2006 i eit orkester saman med 4 andre spelemenn frå Sogn og Fjordane. Frå Sverige deltok Brodens Kapell, Skatelövs Spelemannslag og Magnus Gustavson & Finders Svenson. Frå Finnland deltok den suverene duetten Meiskarit med fele og trekkspel, og gruppa vår som vi kalla Einar Eimhjellens Gammaldansorkester, representerte Noreg. I tillegg til desse deltok det 25 grupper og enkeltspelemenn frå ulike deler av USA, slik at tilsaman 120 musikarar var med på festivalen.

Opningskonserten var fredag den 9. juni i ein stor innandørs hall, medan stemnet på laurdag var i friluft med konsertar frå fleire scener. På kveldstid var det dansespel. Vår gruppe hadde lagt opp til eit så variert program som mogleg med veksling av instrument (hardingfele, vanleg fele, torader, trekkspel og munnspele), heile gruppa, deler av gruppa og enkeltspelimenn.

Musikalsk sett kom vi mest i kontakt med medlemene i Skål Klubb Spelemannslag frå Brainerd, Twin Cities Spelemannslag og Loretta Kelley frå Washington DC, som spelar hardingfele.

Skål Klubb Spelemannslag

Laget held til i Brainerd i Minnesota. Første gong underteikna møtte Skål Klubb Spelemannslag var i 1995 då dei besøkte Noreg og hadde konsert i Førde.



Skål Klubb Spelemannslag på Nisswastemnet 2006, leia av Paul Wilson

I samband med reisa til AmeriKappleiken i 2003 tok ein kontakt med Robert Larsen som har sterk slektstilknytning til Sunnfjord og er medlem i Skål Klubb Spelemannslag. Underteikna vart då invitert til å besøke Brainerd og resultatet blei ein fin kveld saman med medlemmer frå Spelemannslaget, heime hos Robert.

Dei spelar Skandinavisk musikk med hovudvekt på norsk og svensk. Medlemene i laget er etterkomarar etter innflyttarar frå desse landa. Laget og grupper i laget har spelt inn fleire CD-plater. Musikken ber preg av kontakt med musikklivet i Skandinavia. og dei følgjer i hovudsak den same utviklinga som vi her



Besøk hos Skål Klubb Spelemannslag i 2003 med Paul Wilson innfelt

heime. Likevel kan ein merke at dei opptrer friare i høve til vår tradisjon, enn kva vi gjer i Noreg.



Skål Klubb Spelemannslag heldt konsert i Førde i 1995

Paul Wilson og Mary Abendroth, Paul er leiar av spelemannslaget "Skål Klubb" og gruppa "Skålmusik. Han opptrer også saman med kona Mary og dei tek musikkoppdrag over store deler av USA.

Paul er også stemnegenaral for Nisswa-stämman. Han syng og spelar fele, torader, gitar og trøorgel. Mary syng og spelar gitar og trøorgel. Paul byggjer også feler.



Mary og Paul

Robert (Bud) Larsen


Spelar fele i Skål Klubb Spelemannslag og er instrumentmakar. Mellom anna lagar han feler med 2 understrenger, som vist på biletet. Dessutan jobbar han og kona, Marlys, periodevis, med utviklingsprosjekt i underutvikla områder m.a. i Papua Ny-Guinea.

Far til Robert kom frå Angedalen i Førde.



Harold Herboldt

Harold Herboldt
Spelar trekkspel i Skål Klubb Spelemannslag. Han er representativ for mange trekkspelarar med skandinavisk opphav i USA, og er ein typisk "buskspel- spelemann". som stiller opp der det "trengst".



Robert Larsen med eigenprodusert fele, som er ein mellomting av vanleg fele og hardingfele

Loretta Kelley

Loretta Kelley bur i Washington DC på austkysten av USA. Ho har studert hardingfelespel i meir enn 25 år, og har vore fleire studieturar til Noreg. Musikken hennar er difor prega av utviklinga, slik den er i Noreg, og er lite påverka av dei tidlegare utflyttarane til USA. Likevel er det interessant å høyre korleis ho har oppfatta og vidareført dei gamle hardingfeleslåttane innan folkemusikk og gammaldans. Loretta Kelley gav ut si første CD, "Dansekveld" i 1990 og "Amerikespel" i



Loretta Kellev

1996. I plateomtalen på innlegget til Amerikaspel seier ho at: "Ei slik plate med amerikanske musikarar ville vore utenkeleg berre for 20 år sidan. Under innvandringa frå Norge kom det hundrevis av hardingfelespelarar til Amerika, men då dei etter kvart døydde ut var det få unge som hadde lært hardingfelespel frå dei. I 1976 kunne det knapt vere fleire igjen enn du kunne telle dei på 2 hender, og dei fleste var over 70 år. Etter 1976 har det vore ein eksplosjon i interessa for hardingfela og dansane som høyrer til, ikkje berre hos folk med norsk bakgrunn, men også blant slike som har ein heilt annan etnisk bakgrunn. I dag er det truleg kring 150 som spelar hardingfele i USA".

World of Accordions Museum

Når ein var på dei kantar og er interessert i opplysningar om gammaldansmusikk, var det naturleg å besøke det store trekkspelmuseet i Superior, heilt nord i staten Wisconsin. Museet har kring 1000 ulike trekkspelmodellar frå heile verda, og der var også ei lita norsk utstilling.



Petter Eide på trekkspelmuseum



Foot-Notes

Grappa held til i Decorah i staten Iowa der vi møtte dei den 15. juni 2006. Dei var vertskap for gruppa vår (Einar Eimhjellens Gammaldans-orkester), som hadde konsert der.

Desse er med i Foot Notes: Beth Hoven Rotto fele, Jim Skurdal mandolin, Jon Rotto gitar og Bill Musser kontrabass. Dei har gitt ut 2 CD-plater: "Decorah Waltz" i 1996 og "My father was a fiddler" i 1998. Dei seier sjølv at musikken er spelt i "Norwegian American style".

Gammal fele



Petter Eide t.v. og Don Berg

Under besøket i Decorah kom undertekna og spelemannen Petter Eide over ei gammal hardingfele. Fela var i privat eige hos Don Berg og Barbra Berg (Hamre). Inne i fela sto det namnet Tosten Nilsen Ødegård og årstalet 1837. Vidare sto det: Reparatert 1902 av Tor Halvorsen. Det følgde eit feleskrin med fela, men dette mangla skriftlege opplysningar. Tippoldefar til Barbra var Peder Pedersen Hamre som kom frå Vestre Slidre. Fela vart teken til USA av Knut K. Neste som kom til USA kring 1850. Neste og Hamre var naboar heime i Noreg.

Møte med Sør-Dakotas Old Fiddlers

Sør-Dakotas Old Fiddlers var ei samling med spelemenn som underheldt under stemnet



”Nordland Fest” i Sioux Falls i Sør-Dakota i tida 16. – 17. juni 2006. Dette var det ein kan kalle reinspikka amatørar som spelte som enkeltspelimenn, mindre grupper og samla (10-12 stykker). Ein av dei var Kevin

Sør-Dakotas Old Fiddlers underheldt på ”Nordland Fest” i Sioux Falls

Blom, som var ein yngre kar frå ein kjend spelemannfamilie i Wisconsin. Han gav meg opplysningar om far sin som bur i Wisconsin, som eg fekk høve til å møte seinare. Til vanleg spelar Kevin gitar i eit band kalla High Plains Bluegrass Band. Kevin spelte ein reinlendar som han kalla Lillehammer Schottiche, som ein kan høyre på medfølgjande CD.



Kevin Blom .



*High Plains Bluegrass Band.
Kevin Blom t.h*

Dick Rees

Dick Rees bur i St. Paul i Minnesota, der eg møtte han den 1. juni 2006. Dick er ein av dei som kjenner den skandinaviske tradisjonsmusikken i midt-vesten best. Han vaks opp i Iowa som er nabostat til Minnesota i sør. Dick er det ein kan kalle multikunstnar som spelar mange instrument. Han starta med munnspel og etter kvart vart det mandolin, banjo, gitar, trekkspel og torader. Han har vore dommar på mange feletevlingar. Gjennom eit par år budde han mest i Sverige og Noreg. Han vart interessert i den skandinaviske musikken då han spelte gitar saman med felespelarar som slekta frå Noreg. Han høyrde dei gamle felespelarane før den gamle tradisjonen døydde ut, og mange av desse var 1. generasjons utvandrarar frå Noreg. Han la merke til at spelemennene ofte spelte den same slåtten på ulike måtar, og dette interesserte han sterkt.. Dick Rees har vore med på mange

plateinnspelningar saman med spelemenn som spelar skandinavisk musikk (ma. saman med Loretta Kelley si plate "Amerikaspel". Dick Rees leiar dei skandinaviske musikkendingane på radiostasjonen KFAI i Minneapolis, der tradisjonsmusikk har ein dominerande plass. Det er 1 time sending kvar onsdag kveld frå kl. 21.30 til 22.30 (Minnesota tid), som kan lyttast til på internet (www.kfai.org). Etter sending ligg programma i arkivet og kan lyttast til dei første to vekene. etter sending



Dick Rees



LeRoy Blom

LeRoy Blom

Eg møtte spelemannen LeRoy Blom i heimen hans i Blair den 21. juni 2006. Blair er ein liten by ved highway 53 mellom Eau Claire og La Crosse i Wisconsin, med omlag 1250 innbyggjarar. LeRoy som vart 82 år i oktober 2006 bur aleine etter at kona hans døydde i 2001. Tidlegare var han farmar utanfor byen.

Oldeforeldra til LeRoy kom frå garden Blomhaugen i Telemark. LeRoy starta med munnspel 5 år gamal. Deretter vart det mandolin og så fele. Han har berre brukt vanleg fele, men har alltid hatt ønskje om å skaffe seg ei hardingfele. Musikken hans er det vi vil kalle gammaldansmusikk med mykje vals og reinlendar. Familiens hans var kjend som ein sentral familie i musikklivet i området og borna hans er flinke musikkarar.

M.a. var LeRoy og familien hans sterkt profilert i TV-serien om "De som drog vest" i norsk fjernsyn. Som før nemnt møtte eg sonen Kevin i Sioux Falls i Sør Dakota. Han er dyktig på fele og gitar.

Besøk i Norskedalen i Wisconsin

Coon Walley i Wisconsin er eit område med mykje norsk busetnad. Området ligg ved bygdesentrumet Westby ein halvtimes køyring søraust for byen La Crosse.



Inngangsporten til Norskedalen

omlag slik det såg ut etter at ein innvandrarfamilie frå Noreg hadde etablert seg i området. I tillegg var det bygt opp ein moderne museumsbygning med utstillingar og ein filmframsyningssal.

Svært mange av busetjarane her kom frå Austlandet, men det var også folk som fortalde at forfedrane kom frå Sogn. Eldre folk av 3. og 4. generasjons innvandrarar snakkar framleis norsk, Her ligg museumsgarden Norskedalen som er tilrettelagt med bygningar og areal



Norskedalen er tilrettelagt med bygningar og areal slik det såg ut etter at ein innvandrarfamilie frå Noreg var etablert.



Coon Walley er stekt norskprega også når det gjeld sport.



På gravsteinane ved kyrkja i Coon Walley var norske namn dominerande

Midtsommarfest

Underteikna fekk vere med på ”Midsummer Festival” i Norskedalen ved Westby i tida 24. – 25. juni 2006.. Her var det utstillingar, sal av husflid, omvisningar på farmen, og ikkje minst: kontinuerleg musikk frå ei scene i enden av ein stor sal der folk kjøpte mat, åt og lytta på musikken. Musikkarane var amatørar som spelte norsk-amerikansk musikk.



The Norskedalen Trio. Leiaren Tilford Bagstad til venstre



Leikarringen var frå Decorah



The Happy Wanderes



Sal av husflid..



Walter Mehlum spelte munnspele, torader og trekkspel. På gitar: Dan Mott.



Buddy Rundhaugen har ei flott songrøyst og spelte trekkspel attåt.

Andrea Een

Underteikna møtte Andrea Een første gong i 1979 i samband med Landskappleiken i Førde. Ho var då i Noreg for å studere hardingfelemusikk. Under landskappleiken budde Andrea i Naustdal. Då Naustedalen Spelemannslag, der underteikna var leiar, spelte til dans under kappleiken fekk Andrea eit sett notar med slåttane vi spelte, og notekunnig som ho var, blei ho med på heile speleøkta vår.

Andrea Een bur i Northfield i Minnesota. Ho er professor i musikk og underviser i fiolin – og hardangerfelespel ved St. Olaf College, som er den einaste institusjonen i USA som gjev opplæring i hardangerfelespel. Då Hardanger Fiddle Association of America vart oppstarta i 1983 var Andrea Een ein av dei første leiarane i organisasjonen.



Andrea Een

Bestefar til Andrea, Knut Een, var frå Voss og det var naturleg for Andrea å reise dit for å lære. Ho har studert vel Ole Bull Akademiet på Voss og spelemannen Lars Skjervheim frå Voss vart ein av hennar viktigaste lærereistrar.

Gjennom åra har Andrea Een halde ei lang rekke foredrag og konsertar i mange land. I 2004 gav ho ut Cd-en "From the Valley", der ho i hovudsak spelar slåttar av og etter spelemenn frå Voss. Ho har sjølv komponert musikk for hardingfele.



Andrea Een i midten med to av elevane sine Rebecca Lofft t.v. og Sarah Nagell under AmeriKappleiken

Andrea Een er lite påverka av dei gamle "hardingfeleinnflyttarane" til Amerika. Ho har fatta interesse for hardingfelemusikken slik den blir brukt i Noreg i dag. Sjølv sagt legg ho sitt personlege uttrykk i musikken, og ein kan merke litt til den fridommen det ligg i å ikkje leve tett inntil det norske kappleikmiljøet.

Scandinavian Heritage Festival i Puyallup i staten Washington



Smilin Scandinavians
og songkor.

Då vi var der i 2006 underheldt Nordic Spirit (Jeff Anderson og Jane Johnson) som er omtalt annan stad i rapporten. Andre som var der var Normanna Male Chorus, Seattle Banjoclub, og ei trekkspelgruppe som kalla seg Smilin Scandinavians..



Leikarring frå Paulsbo

Jeff Anderson

Då Naustedalen Spelemannslag vitja USA i 2000 møtte vi Jeff Anderson, Jane Johnson og Harry Johnson i Wenatchee, Washington. Jeff spelar fele og hardingfele, Jane spelar torader og Harry spelar fele og gitar.



Jeff Anderson

Jeff er 3. generasjons innvandrar av norsk opphav. Bestefar til Jeff på farssida var Kristofer Anderson som kom frå Bergenskanten medan bestemora, Petra, var frå Lofoten. Kristoffer spelte fele og knappetrekkspel. Han busette seg som farmar i Nord-Dakota. Kristofer hadde mange musikalske vener frå Noreg som besøkte dei og spelte saman. Av dei som kom på besøk var trekkspelarane Torstein Skarning, Carl Mathisen og Sigurd Arnstein. På fele var det Johnny Holte og Carl Melcher. Ole Bull skal også ha vore på besøk der.



Carl Melcher

På morssida var Carl Melcher bestefar til Jeff. Han heldt til i Wildrose i North Dakota. Han var ein dyktig felespelar, og Jeff fekk mange melodiar frå han.

Såleis var det gjennom musikken dei to familiane kom saman, og foreldra til Jeff, Palmer Anderson og Ruby Melcher vart kjende med kvarandre. Då Carl Melcher flytte til Waterville i Washington med familien i 1933, flytte Palmer Anderson med dei. Palmer og Ruby gifte seg i 1938 og Jeff vart fødd i 1953.



Kristofer Anderson

Foreldra til Jeff spelte også, - Palmer på fele og trekkspel, medan mora Ruby spelte hawaigitar. Ni av onklane og tantene spelte ulike musikkinstrument.

Jeff Anderson er ein typisk 3. generasjonsspelemann med norske tradisjonar i spelet sitt. Besteforeldra hadde med seg musikken frå Noreg til midtvesten som dei lærde vidare til neste

generasjon.. Slåttane blei tilført element fra andre musikkformer som har sett preg på musikken, slik Jeff spelar den.

Nye møte med Jeff Anderson og Harry Johnson hausten 2006



Jeff og Jane hausten 2006

Etter at vi hadde møtt Jeff Anderson og Harry Johnson i Wenatchee i 2000 hadde eg bestemt meg for å møte desse spelemennene igjen. Eg tok difor av ei veke ekstra hausten 2006 då eg var med på eit offisielt besøk til venskapsbyen, Kent, som Naustdal, Førde, Jølster og Gaular har der borte.

Eg kom til Jeff Anderson og Jane Johnson i Olympia torsdag den 12. oktober 2006 og var i heimen hos dei i fleire dagar. Saman med Jeff og Jane besøkte vi også ein innhaustingsfestival i Westport ved Stillehavskysten der Jeff deltok i ei felespeltevling under festivalen. Resten av tida vart brukt til speling.

Jeff er fødd og oppvaksen i Waterville midt i staten Washington. Waterville ligg i ein høgtliggande del av staten omlag 1000 m over havet. I 2005 gifte han seg med Jane Johnson, og flytte til Olympia. Jane spelar torader.

Jeff gav ut CD-en "Fiddling In The Family Tradition" i 2000 og saman med Jane, CD-en "Nordic Spirit" i 2004, ,

Jeff og Jane skaffa meg også kopi av musikken til ein dyktig norsk-amerikansk spelemann i Seattle som er død no "**Edvin Morken**", som vi har tatt med "Peek a boo Waltz" frå på medfølgjande CD.

Harry Johnson

Harry Johnson som no (i 2006) er 85 år har vore ein sers god fele-og gitar-spelemann.. Han er enkemann og bur i Bothell ved Seattle der eg møtte han torsdag den 19. oktober 2006. Vårt første møte var i 2000 i Wenatchee, der han spelte gitar saman med Jeff Anderson og Jane Johnson.



Far til Harry kom frå Kongsberg og besteforeldra frå Telemark. Harry vart fødd i Nord-Dakota i 1921.

Då han var sju år gammal fekk han si første fele som var av ½ størrelse. Han lærde å spele av søskenbarnet, Helmer Amundsen. 11 år gamal kjøpte han seg ein gitar for 3.98 dollar og tok til å spele saman med Helmer.

Harry Johnson hausten 2006

I 1953 reiste Harry med familien sin til

Seattleområdet og slo seg ned der. Då blei det mindre med musikk, men ein dag han rusla på byen høyrde han musikk frå ein barbershop, og gjekk inn for å høyre. Det var dei to eigarane, Al Sanderson og Ralph Gillenwater som spelte. Al som var nordmann spelte fele og Ralph gitar. Dette var starten på eit musikalsk samarbeid og full fart med musikk igjen.

I 1970 tok Harry ein familietur til Nord-Dakota. Der blei han med på The National Fiddle Contest (felespeltevling).. Harry vart med i tevlinga og tok 2 plass i sin klasse. Etter dette har Harry delteke i ei mengde feletevlingar kring om i USA. Spesielt har han reist mykje for å møte spelemenn og delta i tevlingar etter at han vart pensjonist i 1981. Hyllene i stova hans er fylt opp med premiar. ”Du skulle vore her før eg selde 48 av premiane mine pga. plassmangel” sa Harry.

Harry Johnson spelar felemusikk slik folk i dei skandinaviske innflyttarområda ville ha den for 40 – 70 år sidan. Det var musikk til å lytte til og danse etter. Musikken var norsk/svensk musikk, country/western og anna musikk som var populær på den tid.

Beth Kollè

Første gang underteikna kom i kontakt med Beth Sankey, eller Beth Kollè som ho heiter no etter at ho gifte seg, var i 1985 då Naustedalen Spelemannslag vitja Seattle. På den tid var ho



Beth Kollè

sers aktiv som instruktør og leiar i folkedansmiljøet i Seattle. Ho hadde sett seg grundig inn i norske dansetradisjonar, og hadde studert ved distriktshøgskulen på Lillehammer.

Ho var også aktiv innan musikk, og det same året som vi besøkte Seattle gav ho ut CD-en ”Tradisjon” med undertittelen ”Traditional Songs from Northern Lands”. CD-en var spelt inn saman med Terryanne Baker Reinert.

Hovudinstrumentet til Beth er harpe, men ho deltek også med fløyte og song på innspelingane sine. Såleis har ho gitt ut ein solo-CD som heiter ”Northern Folk Harp”. Beth Kollè deltek i grupper saman med

andre musikarar og saman med desse har ho gitt ut CD-ane ”Voyage North” med

undertittelen ”Music From Celtic & Nordic Lands”, ”Weaving Olden Dances” og den siste som er ”Tilbake til det gamle landet” som er spelt inn saman med 6 andre musikarar.

Beth har hatt konsertturnear m.a. i Noreg seinast i 2006 og deltek på mange festivalar i USA. Ho har gitt ut fleire notebøker med eigne arrangement og underviser i harpe og fløytespel. Musikkinteressa hennar omfattar først og fremst nordisk og celtisk musikk, noko som også plateinnspelingane syner.

Paul Dahlin – Äkta Spelmenn – American Swidish Institute Spelemannslag



Paul Dahlin t.h saman med spelemenn frå American Swidish Institute Spelemannslag

Den svensk-inspirerte gammaldansmusikken står sterkt i Minnesota. I Minneapolis er Paul Dahlin sentral i arbeidet med den svensk-amerikanske folkemusikken. Vi treffe Paul i samband med Nisswa-stemnet i juni 2006 og under midsommerfesten i Svenska Institutet i Minneapolis, på den same turen. Då hadde han med seg American Swidish Institute Spelemannslag.

Paul Dahlin fekk den svenske folkemusikken frå bestefar sin, Edvin, som kom til USA i 1920-åra. Paul har fått ein nasjonal pris for å ta vare på den svenske folkemusikken og for komponering av ny musikk. Gruppa, "Äkte spelmenn" og "American Swidish Institute Spelemannslag" er eit dei fremste orkestra innan amerikansk-skandinavisk folkemusikk eg har

høyrt. - Gode spelemenn med mange unge som spelar svært godt samspel, på høgde med det beste i Sverige. På medfølgjande CD har vi tatt med ein vals spelt av gruppa "Äkte spelmenn", som Paul er leiar for.

Leonard Finseth

Paul Dahlin skaffa meg viktige opplysningar om spelemannen Leonard Finseth som var rekna som ein av dei beste norsk-amerikanske spelemennene.

Besteforeldra hans på morssida kom til USA frå Lillehammer medan far til Leonard, Arnt Finseth, var fødd i Åfjord i Trøndelag, og flytte til USA då han var 18 år.

Leonard lærde å spele av onkelen sin på morssida, Edwin Quall, og lokale spelemenn der han vaks opp i nærleiken av Au Claire i Wisconsin.

Leonard var fødd i 1911. I 1975 spelte han inn LP-plata "Leonard Finseth Folk Fiddler from Wisconsin", der han sjølv spelar fele og har med seg banjo, gitar og bass.



Leonard Finseth

”Otto Grans Mazurke” som er på medfølgjande CD er henta frå denne plata..

Philip Nusbaum

Philip Nusbaum har skrive ei avhandling om Norwegian-American Music from Minnesota som er publisert av Minnesota Historical Society Press og Minnesota State Arts Board i 1989.

Artikkelen startar med å fortelje at tradisjonsmusikken er eit av symbola som held banda mellom norske utvandarane vedlike. Musikk, song og dans og lytting til dette har vore ein inspirasjon like sidan den første innvandringa frå Noreg.

Om dei norske dansemusikken som vals, reinlendar (schottische) brukar han uttrykket ”Old-Time Music” Han skriv m.a. at: Old-time music i hovudsak er musikk som er brukt til dans. Frå først av var dette ein felebassert musikk, men frå 1920 og utover vart trekkspel og piano meir alminneleg. Gjennom åra har gode spelemenn skapt ulike former av gammaldans-musikken pga. minimal kontakt med musikklivet i Noreg. Mange meiner at det har blitt skapt ein musikk som er meir amerikansk enn norsk. Musikken vart brukt i multikulturelle miljø i Midtvesten. Andre musikantar levde nær norske musikantar og dei lærde av kvarandre. Slik har den norske musikken mist noko av sin opprinnelege karakter.

Mengda av old-time melodiar med norsk opphav som er brukt i Minnesota syner at musikken har vore godt motteken i dei amerikanske miljøa. Spelemannen LeRoy Larson som har studert norsk-amerikansk dansemusikk i Minnesota har kome til at av dei 112 ”basic melodies” og 54 variantar han hadde samla var det 15 som kunne sporast attende til norsk opphav og 7 til svensk. Dette skulle tyde at det også er skapt mykje musikk i norsk-svensk tradisjon i Minnesota. Så langt Philip Nusbaum.

Likevel må vi vere klar over at sjølv om Minnesota hadde eit svært stort innslag av norske innflyttarar, så er dette berre 1 av 50 statar i USA, og at Nord-Amerika også omfattar Canada. I både desse store landa finst norske busetnader over alt. Difor finst det truleg fleire melodiar av norsk opphav på det amerikanske kontinentet, enn det som LeRoy Larson kom fram til i Minnesota.

Nordfjordvalsens - verdas mest utbreidde gammaldansvals?

Nordfjordvalsens er noko av det mest rotekte som finst innan norsk gammaldansmusikk, trurde vi. Vi ”fjordingar” likar å tru at valsens som vi kallar Nordfjordvalsens har sitt opphav i Nordfjord, eller i alle høve på Vestlandet. Det kan likevel hende at valsens ikkje er så ”nordfjordsk” som vi trur, eller enno verre, kanskje den ikkje er norsk eingong?

Alfred Maurstad gjorde slåttens til ei rein landeplage i filmen ”Fant”. Sidan har valsens vore kjent og i bruk over heile landet under namnet Nordfjordvalsens. Valsens blir ofte spela i sendingane til NRK- Sogn og Fjordane, - i dei seinare år mest framført av Honndalstausene. I 1975 spelte Naustedalen Spelemannslag den inn på ei LP-plate under namnet ”Fjordavalsens”. Den er så vanleg blant spelemenn og så mykje brukt at den har fått namn som ”Valsens hans Knut i Nesa, Allemanns-valsens, Opp og ned med garden, Då grisen braut av seg foten” og andre. Kjært barn har mange namn. Slåttens har nok representert det første møte med

folkemusikken for mange unge utøvarar, og mangeårig leiar av folkemusikken i NRK, Rolf Myklebust, fortalde at dette var den første slåttan han lærte som 7-åring.

Det har lenge vore kjent at svenskane spelar den same valsens med namnet ”Svensk Annas Vals”, som det er gjort mange innspelningar av i Sverige, m.a. med Dalapolisens Spelmenn, Rättvik Spelmannslag og Brøderna Lindquist.

Då eg tok til å interessere meg for den ”norsk-amerikanske” gammaldansen, gjekk det opp for meg kor utbreidd denne valsens var. I Amerika går den under namnet ”Peek a boo Waltz” og blir brukt av såkalla Old Time spelemenn over heile Nord Amerika. Den var også brukt som barnevis med tekst, og eldre spelemenn i USA har fortalt meg at ”alle born” song den då dei var unge.

Sjølv har eg høyrte den spelt av spelemenn i Sascatchewan i Canada, Skål Klub Spelemannslag i Brainerd i Minnesota, Dick Rees i Minneapolis og Edvin Morken si gruppe i Seattleområdet.

Første gong valsens var publisert i USA skal vere i 1881 av ein songar med namnet William J. Scanlon. Den er også gitt ut i ei notebok i Australia saman med 171 andre melodiar, og i Tyskland. I 1927 vart den innspelt på plate av ein felespelar i Alabama med namnet J. C. Glasscock. Sidan er den kome med på ei endelaus rekke av plateinnspelningar i USA. Mange innspelningar er tilgjengeleg som små klipp på internet.

På internet er den omtalt på 200 internet-sider som Peek a boo Waltz. Som Svensk Annas vals finst den på 50 sider, som Nordfjordvalsens på 14 sider og som Fjordavalsens på 2 sider.

Kvar valsens oppstod er vanskeleg å finne dokumentasjon for. Det kan sjølvstake vere ein nordfjording som er opphavet, eller at ein heimvendt norskamerikanar hadde den med seg. Det mest nærliggande er likevel å tru at valsens opprinneleg kom frå Sverige.

Ulike retningar

I arbeidet med dette prosjektet har eg prøvd å sette meg inn i korleis dei norske innvandarane i Amerika har forvalta musikken dei hadde med seg. Her vil eg prøve å seie litt om korleis dei ulike retningane har gått, slik eg oppfattar det.

1. Dei som følgjer utviklinga i Noreg

- Mange yngre har tatt i bruk hardingfele dei siste åra av di dei er fasinerte av instrumentet og den tradisjonelle hardingfelemusikken. Desse spelemennene (ofte jenter) prøver å spele musikken slik den blir brukt i Noreg. Dei reiser gjerne til Noreg for å lære. Loretta Kelley er ei av desse. Ei anna er professor i musikk, Andrea Een, som underviser i hardingfelespel ved St. Olaf College i Nortfield i Minnesota.
- Det er starta opp spelmannslag som Nordahl Grieg Spelemannslag i San Josè i California, Gig Harbor Spelemannslag i staten Washington, Skål Klubb Spelemannslag i Brainerd i Minnesota og Twin Cities Hardingfelelag i Minneapolis/St Paul m.fl.. Desse prøver å spele musikken slik den blir brukt i Noreg, der dei også hentar impulsar, skaffar

opptak frå, og vitjar landet. Musikken deira ber likevel preg at dei ikkje har nærkontakt med den norske folkemusikken/gammaldansmusikken.

2. "Old Time Music."

- Andre spelemenn eg har møtt er det amerikanarane kallar "Old Timers-spelemenn", som spelar norske slåttar som dei har frå sine forfedre. Dei er oftast 3. og 4. generasjon som spelar det som for eit par generasjonar sidan var typisk bruksmusikk, til å danse etter. Musikken har fått eit slags country/western preg etter påverknad frå andre musikktradisjonar/former.. Amerika hadde innflytting frå alle kantar av verda og er ein slags musikalsk smeltedigel der dei ulike musikktradisjonane har påverka kvarandre.
- Av dei eg har møtt som spelar musikken slik nemner eg: LeRoy Blom, Kevin Blom, Jeff Anderson, Harry Johnson, og Elmer Opseth og Selmer Pladsen i Birch Hills i Canada. Dette kan ein også seie om gruppa til Edvin Morken på nord-vestkysten av USA og Leonard Filseth i Wisconsin som eg diverre vart for sein til å høyre, men som eg fekk opptak av. Gruppa Foot Notes som vi møtte i Decorah i Iowa tek også vare på denne musikkstilen. Dei er dyktige musikarar og brukar instrumentsamansetjingar som ein ofte finn der borte, med fele, banjo, gitar og bass.
- Dick Rees i St. Paul i Minnesota kjem også delvis i denne gruppa av musikarar, sjølv om han også høver inn i andre kategoriar. Han er ein dyktig spelemann som meistrar både fele, trekkspel, torader og andre instrument. Han kjenner tradisjonsmusikken i Midtvesten betre enn mange.
- Over alt i Amerika der det bur mykje folk frå Skandinavia blir det halde festivalar som held kulturtradisjonar ved lag. Her blir også dei musikalske tradisjonane drege fram, og ofte av slike som i høg grad er amatørar. Dei kjem saman for moro skuld og spelar på lokale tilstellingar og festivalar. Dei fleste av desse er også det ein kan kalle "old timers spelemenn" som spelar skandinavisk musikk, vestern musikk, gamle slagerar og musikk av typen "Nidelven", "Hils til de der hjemme" o.l. I dette prosjektet har vi møtt av desse i Scandinavian Heritage Festival i Puyallup i staten Washington, Nordland Fest i Sioux Falls i Sør-Dakota og Midtsummer Festival i Norskedalen i Coon Vally i Wisconsin.

3. Nye vegar med tradisjonelle og utradisjonelle instrument

- Mange av dei som brukar musikk med Norsk og Skandinavisk opphav føler seg nok ikkje så bundne av tradisjonane som vi gjer i Noreg (sjølv om vi også ser tendensar til dette her heime). Eit døme på dette er gruppa Trollstilt, som lagar ny musikk der dei delvis brukar ordinær trollstilt hardingfele og delvis ei spesiallaga elektrisk fele med 6 strenger på eit trollstilleliknande felestille. Musikken blir for det meste framført saman med gitarspel.
- Hardanger String Quartett har 2 hardingfeler bratsj og cello. Det spesielle her er bratsjen og selloen som er laga med understrenger og ornament som på hardingfeler. Hardanger String Quartett lagar nye arrangement på tradisjonell hardingfelemusikk. Dei brukar også anna musikk som dei arrangerar for denne instrumentsamansetjinga.
- Eit anna døme er Beth Kollè og hennar medmusikantar. Musikken blir framført med harpe, fløyte, fele, gitar og song i ulike samansetjingar og arrangement.

Naustdal 15. mai 2007
Einar Eimhjellen

Medfølgjande CD

1. Arne Rivedal "Amerikansk vals"
2. Valton Torvik. "Torviken" med Naustedalen Spelemannslag (1975)
3. Torfinn Steindal trallar ein parisarpolka
4. Bill Boyd. Squaredans. "Buffalo Gals"
5. Arvid Lundin. "Ole Jonssons vals"
6. Selmer Pladsen og Elmer Opseth. "Peek a boo waltz"
7. Gig Harbor Spelemannslag. Vals
8. Nordahl Grieg Spelemannslag. "Kleivalanden"
9. Twin Cities Spelemannslag. Reinlendar
10. Trollstilt. "Rokokoko"
11. The Hardanger String Quartet. "Vossavalsen"
12. Skål Klubb Spelemannslag. Polka etter Archie Teigen.
13. Paul Wilson. „Oh Hilda“
14. Harold Herboldt og Burt Larson "Ingrids Dansebarn Waltz"
15. Loretta Kelley "Farande fant"
16. Foot Notes. "Dads Waltz"
17. Sør-Dakotas Old Fiddlers. Polka.
18. Kevin Blom "Lillehammer Schottische"
19. Dick Rees. "Peek a boo Waltz"
20. Dick Rees orkester. "Ole Moe Waltz"
21. LeRoy Blom. "Waltz"
22. Norskedalen Trio/Buddy Rundhaugen. Polka.
23. Andrea Een. "Linerla" reinlendar av Lars Skjervheim.
24. Smilin Scandinavians. Polka
25. Seasttle Banjoclub. "Johan på Snippen"
26. Jeff Anderson "From Frisco to Cape Cod"
27. Jeff og Jane. Reinlendar.
28. Harry Johnson. "Sørensens vals"
29. Aryeh Frankfurter. Harpa. "Gråtarevalsen"
30. Edvin Morken. "Peek a boo waltz"
31. Åkta Spelmenn "Vals av Anders Säbb"
32. Leonard Finseth. "Otto Gran`s Mazurka"